



Torfinn Myklebust (t.h.) var den fyrste redaktøren i Kvinnheringen. Her saman med typograf Odd Persson, Kristian Hus og Solveig Karin Hus.

**Uskedalen er godt omtala i fleire saker i boka Skimt frå livet og lokalmiljøet gjennom 80 år. Forfattaren er frå Rosendal og har skrive ein god del om oppveksten sin i Skålafjæro, der dei budde i eit gammalt hus like ved verven til Skaaluren. Hus byr mykje på seg sjølv i boka, noko som er eit stort pluss i slike prosjekt. Det er vår eiga samtid det handlar om og mange i Uskedalen kjenner seg att i det som er skrive.**

Kristian Hus vart fødd på Vangslemen og budde der til familien fekk nytt hus på Nes elleve år seinare. Etter at han var ferdig med folke- og framhaldsskulen, var han hjelpearbeidar i Grenda i eitt års tid, før han reiste til Haugesund og byrja i typografære.

Etter militærteneste bar det tilbake til Rosendal, før han i 1965 etablerte Aksidenstrykkeriet på Husnes i lag med søskenbarnet sitt, Kåre Nedrevåg. Åtte år seinare, 3. januar 1973, kom Kvinnheringen ut med sitt første nummer, med Torfinn Myklebust frå Uskedalen som redaktør. Hus var utgjevar.



I boka finn du 2 sider frå ein av dei årlege bøkkerkveldane på Rød i perioden 1996 - 2016.

Saman med tidlegare ungdoms- og idrettsleiar Jan A. Meyer vart det på hausten året før diskutert om det skulle startast lokalblad på Husnes, som eit supplement til Grenda. Dei tre karane hadde stor tru på eit slikt tiltak, og etter berre eit par drøftingsmøte, vart det bestemt å starta opp. Venteleg hadde Torfinn òg fått oppmuntrande ord heimefrå, frå far sin, Thor Myklebust. Han hadde drive lokalbladet Folgefonn fram til tyskarane stoppa det i 1941.



Boka Skimt frå livet og lokalmiljøet gjennom 80 år kan kjøpast på bokhandelen på Husnes og i Rosendal.

Seinare var han journalist i Bergens Tidende i over tretti år. Torfinn si interesse for aviser og media prega han livet ut. Dei hadde lange dagar, og arbeidde også om natta når det var nødvendig. Hus gløymer ikkje ein tidleg tysdagsmorgon etter at avisa var trykt og Torfinn stod på toalettet i trykkerikjellaren og barberte seg. Han hadde arbeidd store delar av natta, og no skulle han på skulen.

Torfinn Myklebust er også nemnt i ei anna sak i boka, nemleg då striden om Folgefonntunnelen splitta Høgre. Oppslutnaden om partiet var i fritt fall i fleire år og skapte vondt blod mellom fløyane. I 1990 hadde partiet berre rundt 30 betalande medlemmer, medan talet i Lars Storaas si tid på det meste var over 800.

Før kommunevalet i 1991 hadde 20 medlemmer meldt seg ut, blant andre fem av seks i den sitjande kommunestyregruppa. Seinare blei motstandarane vraka ved nominasjonen til kommunestyrevalet. Torfinn Myklebust og Bjarne Berge var blant desse. Begge to melde seg seinare inn att i partiet, Torfinn i 1998, Bjarne Berge i 2010.

Kristian Bringedal og Thor Inge Døssland er to av bidragsytarane til den fine og interessante boka, som er laga av son til utgjevaren, grafisk designar Kristen Børje Hus. «Skimt frå livet og lokalmiljøet gjennom 80 år» har òg med litt frå bøkkekvaldane på Rød i Uskedalen, og såleis er dette ei kjekk bok å lesa for alle med tilknytning til bygda vår.

Boka er å få kjøpt på bokhandelen i Rosendal, Husnes og på nett. Hus vil også prøva å få boka selt på SPAR-butikken i Uskedalen.

Les meir på [www.skimtvis.no/skimt](http://www.skimtvis.no/skimt)

Tekst/nett: Kristian Bringedal.

Foto: Kvinnheringen/ Kristian Hus